

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 6. mars 2017 10:01  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** hfk@hfk.no  
**Emne:** Svar på invitasjon til synfaring - Lindås - Gnr 58 bnr 7 - Lygre indre - Dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt

Vi viser til brev av 02.03.2017, dykkar ref. 16/243-17/7018, som gjeld dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt på Lygra. Plan- og miljøutvalet har utsett saka for synfaring.

Fylkesmannen takkar for at vi vert inviterte til å delta på synfaring. Vi har diverre ikkje kapasitet til å delta, og vil difor minne om dei nasjonale omsyna som vert råka av ein eventuell dispensasjon:

- Dyrka eller dyrkbar mark skal ikkje nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon.
- Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne. Det må difor leggjast stor vekt på uttale frå Hordaland fylkeskommune som er forvaltningsmyndigheit etter kulturminnelova.

Uttalen vår av 25.11.2016 står framleis ved lag. Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til frådelling av bustadtomt med den plasseringa som det er søkt om, og at rår til at søkjar eventuelt finn ei anna lokalisering som ikkje strir mot nasjonale føringar for arealpolitikken.

Med helsing

Christian J. Alstad  
seniorrådgjevar, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland